



ons. 13.03.2019 13:56

Knut Arne Gurigard

Invitasjon til møte, felles forliksråd i Hallingdal?

Til 'h-rodeg@online.no'; 'kmbrenno@online.no'; 'anders@hogevarde.no'; 'ludv@online.no'; 'tordals@online.no'; Annbjørg Næsse; Brit Fyksen (brit.fyksen@politi.no)

i Du svarte på meldingen 28.03.2019 10:36.



Sak 09-17, rev. 16.3.2017.pdf
.pdf Fil

Hei

Regionrådet for Hallingdal har ved fleire høve drøfta eventuelt felles forliksråd for Hallingdal.

Det er ynskjeleg å ha ei innleiande drøfting med leiarane i forliksråda i Hallingdal, for å drøfte eventuelt felles forliksråd og vidare arbeid.

Regionrådet invitera til møte:

- Torsdag 4.april kl. 09.00 – 11.00
- Stad, Gol kommunehus, kommunestyresalen

Legg ved sak 9-17, som utgangspunkt for drøftingane.

Ynskjer attendemelding om du har høve til å møte.

Beste helsing

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Mob: (+47) 992 87 940



**SAK 09/17 FELLES FORLIKSÅRD FOR HALLINGDAL,
FØREBELS VURDERING****Saksopplysing****Bakgrunn**

Regionrådet for Hallingdal har ved fleire høve hatt sak om felles forliksråd for Hallingdal:

Sak 21/13 Forslag om etablering av felles forliksråd med tilhøyrande sekretariat for kommunane i Hallingdal**Vedtak**

For å vurdere innspel frå Hallingdal Tingrett i brev dat. 30.5.2013, blir det sett ned ei arbeidsgruppe som får i oppdrag å vurdere felles forliksråd, med felles sekretariat.

Arbeidsgruppa skal og vurdere om det kan vera aktuelt med samlokalisering av Øvre Buskerud Jordskifterett og Hallingdal tingrett.

Arbeidsgruppa blir sett saman av representantar frå rådmannsutvalet i tillegg til sorenskrivar Stein Arne Vedde. Leiar i rådmannsutvalet Sveinung Halbjørhus er leiar for arbeidsgruppa.

Forslag frå arbeidsgruppa skal leggast fram for Regionrådet 30.august i år

Sak 41/13 Felles forliksråd for Hallingdal, vurdering**Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal ynskjer å etablere eit felles forliksråd for Hallingdal.
2. Regionrådet for Hallingdal vil gå i dialog med Nordre Buskerud politidistrikt med tanke på å etablere eit felles forliksråd for Hallingdal. Der m.a. felles sekretariatsfunksjon må avklarast.
3. Etter at nødvendige vurderingar og avklaringar er gjort skal saka sendast kommunane for vidare handsaming.

Regionrådet for Hallingdal støttar arbeidet med å etablere eit Lokalt rettsenter for Hallingdal, og vil i det vidare arbeidet ta ein koordinerande rolle.

Sak 31/16 Felles forliksråd i Hallingdal? Orientering/drøfting med rep. frå politiet**Vedtak**

1. Til regionrådsmøte august 2016 utarbeidar dagleg leiar sak om eventuelt felles forliksråd for Hallingdal. Saka vil gå vidare for handsaming i den einskilde kommune.
2. Regionrådet for Hallingdal vil ta opp godtgjersle til forliksråd via politiske kanalar, for å få justert opp satsane.

Med bakgrunn i prosess politireform og felles rettsenter for Hallingdal har saka om felles forliksråd vore lagt litt på vent. Ut frå dei avklaringar som er gjort er tida inne for å koma vidare i prosessen, der målsettinga er etablering av eit felles forliksråd for Hallingdal

Grunnlag

Politiet/lensmannen overtok i 2006 sekretariatsfunksjonen for forliksråda. Tidlegare låg denne i kommunane. Sekretariata for forliksråda utfører dei oppgåvane og støttefunksjonane som naturleg ligg til sekretariatsfunksjonane for ein domstol, m.a. mottak av forliksklager, journalføring, beramming av saker, innkalling av partar, deltaking i forliksråda sine møte og

lage utkast til fråværsdommar. Sekretariatet fører også rekneskap for forliksrådet og skal attestere og tilvise utbetalingar til forliksrådet sine medlemmer.

Domstolslova §27 gjev kommunar mogelegheit for samanslåing av forliksråda, dersom det er politisk semje om dette. Føresetnadane er at dei aktuelle forliksråda hører til same domssogn og har felles sekretariat for forliksråda.

«Kommuner som har samme sekretariat for forliksrådet og dessuten ligger i samme domssogn, kan med tilslutning av minst 2/3 av hver av kommunestyrenes medlemmer beslutte å ha felles forliksråd dersom kommunene samtidig er enige om hvor mange medlemmer og varamedlemmer hver av kommunene skal velge, og om hvordan det skal sikres at det blant medlemmene og varamedlemmene er både kvinner og menn. Felles forliksråd kan opprettes uavhengig av funksjonstiden etter § 57»

Politidirektoratet har i brev av mai 2010 med tittelen «Felles forliksråd innanfor same domssogn» (vedlegg 1) bedt driftseiningleiarar om samanslåing av mindre forliksråd m.a. for å betre kvaliteten på arbeidet ut frå at auke i tal på saker gir auka kompetanse og at det blir ei meir rasjonell drift av forliksråda.

Dagens situasjon Hallingdal

Det er i dag eit forliksråd i kvar av kommunane i Hallingdal. Forliksrådet består av tre medlemmer og like mange varamedlemmer. For dei 6 kommunane i Hallingdal er det i dag 36 politisk valde medlemmer tilknytt forliksråda. Medlemmene blir valde av kommunestyret for fire år om gongen. Forliksråda er både ein domstol og ein meklingsinstans. Dei fleste sakene i forliksrådet dreier seg om usemje om gjeld i ulike samanhengar, særleg knytt til kjøp av varer og tenester. Forliksrådet vurderer om det er rom for eit forlik mellom partane, for eksempel kan partane bli samde om ein betalingsplan. Eit forlik har same verknad som ein rettskraftig dom. Dersom partane ikkje blir samde kan saka avsluttast ved at forliksrådet avseier dom eller innstiller saka. Alle dommar må bygge på norske lover og gjeldande rett. Dersom saka ikkje blir anka til tingretten blir dommen i forliksrådet ståande som endeleg.

Antall forliksklager i Hallingdal 2014 – 2016

	2014		2015		2016	
	Meklingssaker	Saker totalt	Meklingssaker	Saker totalt	Meklingssaker	Saker totalt
Hol	16	88	20	72	11	72
Ål	18	90	12	67	15	54
Gol	13		10		15	
Hemsedal	7	118	9	94	5	104
Nes	13	92	9	61	9	47
Flå	0	29	1	19	1	12
Sum	67	417	61	313	56	289

Talet på saker går ned og det er heller ikkje mange meklingssaker i Hallingdal. Gjennomgang av statistikkar syner at under 20% av sakene blir handsama i forliksråda som møtesaker. Dei andre sakene resulterer i fråværdommar/godtekne dommar/avgjerder.

Etter krav i domstolslova §28 skal det kallast inn til månadlege møter (utanom rettsferien om sommaren), m.a.o. 10 - 11 møter pr. år.

«Forliksrådene skal holde møte en gang i måneden og oftere dersom saksmengden krever det. Forliksrådet kan unnlate å holde møte i juli. Forliksrådet kan også unnlate å holde møte en måned dersom det til møtet ikke foreligger saker til behandling. Møtene holdes på det sted i forliksrådkretsen som forliksrådet fastsetter.»

Med eit nytt felles forliksråd vil det i snitt vera xx saker pr. møte.

Politiet er i dag sekretariat for forliksråda jf. domstollova § 27 femte ledd.

I dag er det følgjande sekretærfunksjon for forliksråda i Hallingdal:

- Hol lensmannskontor, xx% stilling
- Ål og Gol og Hemsedal lensmannskontor, xx% stilling
- Nes lensmannskontor, xx% stilling
- Flå lensmannskontor, xx% stilling

For Hallingdal går det mot ei felles tenesteeining, Hallingdal lensmannsdistrikt, med tenestestadane:

- Nes og Flå lensmannskontor (Nes og Flå)
- Midtre Hallingdal lensmannskontor (Gol, Ål og Hemsedal)
- Hol lensmannskontor (Hol)

Forebels vurdering

Målet med forliksrådinstituttet er å ha ein enkel og billig domstol for småkrav og enkle tvistesaker. Eit forliksråd for Hallingdal vil ikkje vike frå dette prinsippet.

Fordelar med ei samanslåing vil vera auka kompetanse for medlemmene p.g.a. handsaming av fleire saker, reduksjon i kostnadar knytt til m.a. kurs- og fagleg oppdatering. Og kanskje gevinstar ved enklare samhandling mellom forliksråd og sekretariatfunksjon. Eitt forliksråd med eitt felles sekretariat vil også frigjera ressursar til andre oppgåver i politiet.

Ulempar med eit felles forliksråd kan vera lengre reiseveg (meirkostnad) for partane dersom det blir ein fast møteplass for forliksrådsmøta.

Mange kommunar har i dag vald å ha felles forliksråd noko som også kan vera ei god løysing for Hallingdal. Eit felles forliksråd vil ha kapasitet til å handtere innkomne saker frå alle seks kommunane. Fleire saker vil styrke forliksrådsmedlemmene sin kompetanse og samtidig effektivisere sekretariatsfunksjonen. Eit felles forliksråd vil også enklare kunne sikre habilitet i enkeltsaker ved at ein har medlemmer i tre kommunar å velje blant. Alle forliksdommar som blir anka blir handsama av Hallingdal tingrett. Felles forliksråd vil bidra til lik saksbehandling innanfor same domssokn.

Politiet er i dag sekretariat for forliksråda jf. domstollova § 27 femte ledd. Før sak om felles forliksråd blir sendt ut til handsaming i den enkelte kommune må Politiet bli ein del av saka. Det blir derfor føreslege at Regionrådet går i dialog med politidistriktet for å avklare dette.

Politiet bør avklare fordelar og ulemper med ei slik endring. Politiet bør og seie noko om korleis dei vil etablere eit felles sekretariat og om det er behov fleire enn ei avdeling ut frå saksmengda i Hallingdal. Dette bør gjerast i dialog med medlemane i dagens forliksråd.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal vil gå i dialog med politidistriktet for å:
 - a. Avklare fordelar og ulemper med eit felles forliksråd for Hallingdal.
 - b. Avklare om det er behov for fleire enn ei avdeling ut frå saksmengda i Hallingdal.
 - c. Avklare etablering av eit felles sekretariat for felles forliksråd for Hallingdal
2. Regionrådet for Hallingdal vil gå i dialog med dagens forliksråd for å få synspunkt på etablering av felles forliksråd for Hallingdal.
3. Etter at nødvendige vurderingar og avklaringar er gjort skal saka sendast kommunane for vidare handsaming.

Ål 17.2.2017

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg: Brev frå Politidirektoratet dat. 6.5.2010, «Felles forliksråd innenfor samme domssogn»